



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Utval for teknisk sektor	23.11.2009	145/09	LIL

Saksbeh
Liss Merete Lien

Arkivsaknr
09/947-4

Arkiv
66/1

DISPENSASJON FRÅ AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN OG § 1-8 TIL OPPFØRING AV MELLOMBELS VINDMÅLEMAST I BULANDET.

Ansvarleg søker: Kjeller Vindteknikk. Instituttveien 18, 2027 KJELLER.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Utval for teknisk sektor finn at vilkåra for å kunne gje dispensasjon er tilstades og gjev mellombels dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova til oppføring av mellombels vindmålemast enten etter alternativ 1 eller alternativ 2. Mellombels dispensasjon gjeld i to år frå masta er sett opp. Dispensasjon vert gjeve då tiltaket ikkje synes å medføre større varige inngrep i landskapet eller medføre monaleg ulempe for allmenne friluftsiinteresser og då tiltaket synes å ha stor allmennyttig interesse. Det er ein føresetnad at masta vert fjerna og området rydda ved utløp av dispensasjonstida.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova til oppføring av mellombels vindmålemast etter alternativ 3.

SAKSDOKUMENT:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	04.09.2009	Kjeller Vindteknikk	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - OPPFØRING AV MELLOMBELS VINDMÅLEMAST I BULANDET
2	U	22.09.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Sogn og Fjordane Fylkeskommune	SØKNAD OM DISPENSASJON TIL OPPFØRING AV MELLOMBELS VINDMÅLEMAST I BULANDET - TIL UTTALE.
3	I	16.10.2009	Kystverket Vest	VINDMÅLEMAST I BULANDET
5	I	21.10.2009	Fylkesmannen i Sogn og	FRÅSEGN TIL SØKNAD OM

Doknr 1: Vedlegg A1, B1, D1, D2, D4, D6 og E1. Doknr 2, 3 og 5 er uprenta.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Arealdelen av kommuneplanen, vedteken 08.02.94.

Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 § 7, 86a, 93.

Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 § 1-8, kap 19.

Kva saka gjeld:

Vi har mottatt søknad om løyve til oppføring av ein inntil 99 m høg vindmålemast for ein periode på inntil 2 år som del av forskningsprosjektet ”Ving og turbulens i offshore vindparker”. Masta vert ei bardunert gittermast som vil bli instrumentert med vindmålingar i fleire høgder. Masta skal markerast med eit lavintensitets lys. Hensikta med prosjektet er å auke forståinga av offshore vindforhold, turbulens og vindskjær og på denne måten redusere den økonomiske usikkerheita i planlegging og drift av offshore vindparker. Den sørlege delen av ytre Bulandet er særleg godt egna sidan uforstyrra offshore vind her vil treffe landområda frå sør og vest ei stor del av tida. Det er søkt om tre alternative plasseringar med følgjande prioritet:

1. Hillersøyna
2. Vassøyna
3. Måkøyna

Hillersøyna vert vurdert som det beste av dei tre alternativa fordi dette punktet er godt eksponert mot havet i sørleg retning og fordi adkomsten her er enklare.

Etter at måleperioden er avslutt vil bardunforankringer, fundament og alt anna utstyr bli fjerna så godt det let seg praktisk gjere. Inngrepet i det lokal naturområde vil bli minimale.

Saksutgreiing:

Oppføring av konstruksjonar og anlegg er søknadspliktig jfr. § 93 a i plan- og bygningslova. Det aktuelle området er i arealdelen av kommuneplanen avsett til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Tiltak som ikkje skal nyttast til stadbunden næring treng dispensasjon frå arealdelen. I tillegg trengs det dispensasjon frå § 1-8 i plan- og bygningslova (Forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag).

Naboar er varsla og det har ikkje kome inn merknader til tiltaket.

Saka er sendt på uttale til fagorgana på fylkesnivå jfr § 19-1 i lova.

Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen viser til pbl § 19-2 der lova sine kriterium/vilkår for å kunne gje dispensasjon går fram. Dei viser også til rapporten ”Kartlegging av kystblåstjerne i Askvoll og Solund kommune” frå 2006, der det går fram at Store Mågøyna (Måkøya) er registrert som A område (svært viktig) for kystblåstjerna. Dei rår såleis klart i frå å plassera vindmålemast på Mågøyna. Miljøvernavdelinga har ikkje avgjerande merknader til saka når det gjeld dei to andre alternativa, dersom kommunen finn at det er grunnlag for å gje mellombels dispensasjon.

Vurdering:

Kommunen kan gje dispensasjon frå arealdelen i medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det vert søkt om dispensasjon

frå, eller omsynet bak lova sin formålsbestemmelse vert vesentleg tilsidesett. Fordelen ved å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Forbodet mot tiltak langs sjø og vassdrag skal hindre nedbygging og privatisering av strandsona. Det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser ved spørsmål om utbygging i strandsona.

Det 3. alternativ for plassering er Måkøya, der det er registrert ein lokalitet av kystblåstjerna som er vurdert som svært viktig. Administrasjonen kan ikkje heilt sjå at fundamentering av bardunar og mast skulle medføre vesentleg ulempe for denne lokaliteten. Men miljøvern-avdelinga rår klart i frå å plassera vindmålemast her. Jfr § 19-2 bør kommunen ikkje gje dispensasjon frå plan eller forbodet i § 1-8 når berørt statleg myndigheit har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Vindmålemasta vil bli svært høg og vise lang veg i det elles så opne øylandskapet. Tiltaket synes ikkje å medføre større varige inngrep i landskapet eller medføre monaleg ulempe for allmenne friluftinteresser. Ulempene eit slikt tiltak vil medføre med omsyn på landskapet, må vurderast opp i mot nytten av tiltaket. Vindmålemasta vil skaffe kunnskap om uforstyrtra offshore vind betre å kunne redusere den økonomiske usikkerheita i planlegging og drift av offshore vindparkar. Tiltaket synes å ha stor allmennyttig interesse. Utifrå dette meiner administrasjonen det er tilrådeleg å gje dispensasjon til oppføring av vindmålemast etter alternativ 1 eller alternativ 2.

Det er då ein føresetnad at masta vert fjerna og området rydda ved utløp av dispensasjonstida.